

Ung uskedeling vann seljar-kåring.

11.01.2017



Prisvinner Morten S. Eidsvik fremst.(Foto: K. A. Høyessen/Kafoto)

Under det internasjonale Abax-konsernet sitt årlege og store kick-off i Larvik nyleg, vart Morten Sjøwall Eidsvik (26 år) kåra til «Årets teamviewer-seljar». Det seier seg sjølv at dette er ein svært høgthengande pris når ein veit at konsernet har 340 tilsette fordelt rundt i verda.



Storslått arrangement med topp underhaldning. her Sandra Lyng Haugen(Foto: Alexander Vestnes.)

Abax-konsernet er eit internasjonalt selskap som starta i Noreg. No har dei kontor i Norge, Sverige, Danmark, Finland, Nederland, England, Polen og Kina. Hovudkontoret deira er i Larvik. Abax er verdsleiane når det gjeld elektronisk kjørebok og anna sporingsutstyr til næringsdrivande. Morten Sjøwall Eidsvik har mest fokus på salg av det nye verktøyet som Abax har lansert for timeregistrering, prosjekthandtering og dokumentering, også dette eit godt reiskap for næringsdrivande. Dette kan koplast opp mot alle plattformer på mobiltelefon, nettbrett og PC.

Morten er tydeleg på at han trives svært godt i jobben. Han rosar det inspirerande arbeidsmiljøet og fortel at dei arbeider etter visjonen «Forskjellen er Abax», - dei skal skilja seg ut når det gjeld både produkt og tilsette.

Morten Sjøwall Eidsvik byrja i selskapet i september 2015, og han vart såleis kåra til «Årets teamviewer-seljar» etter sitt første heile år. Morten er busett i Bergen, og han utfører seljarjobben via møte på internett utan at han treng å vera fysisk til stades hos kundane. Såleis kan han halda møte saman med bedrifter frå heile Norge på ein effektiv måte. Abax har også reisande seljarar. Det var også kåring i den gruppa.



Den røde løparen høyrde med.(Foto: Alexander Vestnes)

Sjølve prisutdelinga skjedde under det storslårte Kick-off-arrangementet på Farris Bad Hotell og Boligmappa Arena i helga som var. Morten visste at han kunne sjå tilbake på eit godt salgsår, men han var ikkje sikker på at han var blant dei nominerte før det vart vist på storskjermen. Då han vart utropt til vinnar måtte han opp på scenen og ta mot prisen. Eit stort øyeblikk for den dyktige Uskedals-ungdommen!

Morten Eidsvik fortel elles om eit svært kjekt arrangement med isbadning, kjendisunderhaldning og mykje anna. «Det var veldig kjekt å få møta alle dei tilsette i konsernet uansett kor i verda dei jobbar», avsluttar den unge seljarkometen, og uskedalen.no sender velfortente gratulasjonar.



Ralph Myerz var blant underhaldarane

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kurt Andre Høyessen/Kafoto og Alexander Vestnes